

RALPH VAUGHAN WILLIAMS

Greensleeves

Kom, du Guds kjærleik, kom!
Skap du hjå meg eit rom,
lat varmen frå din eld i sjela fløde!
Ver du, vår trøystar, nær,
syn deg i hjarta her
og lat ein heilag loge i meg gløde!

Å, lat han brenne fritt!
Tak bort frå hjarta mitt
den lyst som ikkje himlens eld kan tåle!
Og lat ditt klåre skin
gje lys på vegen min;
lat støtt din herlegdom for auga stråle!

Gjer heilag kjærleiks makt
til all mi ytre drakt
og audmykt til min indre ros og prydnad,
den audmykt som er sæl,
som vél den minste del
og græt for all sin veikskap og ulydnad!

Då vert slik lengting tent
som aldri eg har kjent,
som sprengjer alle ord som eg kan finne.
For ingen kan forstå
kva fryd ei sjel kan få
når du, Guds Ande, sjølv vil bu der inne.

Tekst Italiensk (1400-tallet) / engelsk (1867)
melodi: Ralph Vaughan Williams, (engelsk) 1906

Torsdag 14. januar**Kl. 2000****Salmekveld og orgelkonsert i Holm kyrkje****Tim Rishton****BRITISK ORGELMUSIKK
og kjente salmer fra Storbritannia**

Rop det ut med hjertets jubel,
gledesbudet fra ham selv:
Livet kan bli nytt fra nå av,
slettet ut er skyld og gjeld!
Ordet vitner høyt og hellig
om hans kjærlighet og makt.
Knel og tilbe, pris ham, hør ham,
gå og gjør som han har sagt!

Herre, takk for dyre skatter
som er skjult i dine ord.
La oss dele dem i troskap
med en mørk og nødstedt jord.
Vi vil vitne om din frelse,
om ditt bud og om din dåp,
tjene mennesker frimodig,
bringe verden lys og håp.

JOHN STANLEY (1712-1786) (engelsk)
Voluntaries, op. 5

Adagio - Fuga
Adagio - Allegro (Cornet)
Allegro (Fløyte) - Adagio - Allegro (Ekko fuga)
Adagio - Allegro (Cornet)
Largo - Fuga

Gå og lær dem! Det var budet
dødens overvinner gav.
Stående er Herrens ordre
til hans venner nå som da.
Del med dem som går i mørke
alt hva Kristus har å gi.
Bring Guds ord til hele verden!
Bare det kan gjøre fri.

Walisk melodi: Rowland
Pritchard, 1855)

Å, for djup i Jesu kjærleik!
Utan grenser, botnlaus, fri!
Som ei mektig havsens bylgje
har han løynt mi syndetid.
Over, under, rundt omkring meg
er hans sterke kjærleiks straum,
driv meg fram imot mitt heimland,
dyre, fagre framtidsdraum!

Å, for djup i Jesu kjærleik!
Sprei hans pris frå hav til hav:
Kor han elskar alle, alle,
frelser oss frå synd og grav,

kor han vaktar sine kjære
som han kjøpte med sitt blod,
kor han bed for veike vener,
sender kraft og trøyst og mod!

Å, for djup i Jesu kjærleik!
Ingen stad eg kviler så.
Som eit mektig hav av signing,
som ei hamn av fred og ro!
Å, for djup i Jesu kjærleik!
Der min himmels himmel er.
Mine lengsler stig mot trona,
mine augo Lammet ser

Deg å få skode er sæla å nå,
Gud, ver det syn som mitt hjarta vil sjå;
ver du for tanken min dyraste skatt,
ljoset som strålar ved dag og ved natt!

Ver du min visdom, mi sanning og trøyst,
tal du det levande ord med di røyst!
Far, lat meg vere barn her hjå deg.
Kom til meg, Herre, ja, bu du i meg!

Ver du i striden mitt skjold og mitt sverd;
ver du det merket som syner mitt verd,
livd for mi sjel, den tryggaste vakt;
lyft meg mot himlen, du makt i mi makt!

Rikdom og ære som menneske gjev,
er ikkje meir enn den morknande vev.
Du er min arv som varer til sist,
himmelske konge, det veit eg for visst.

Konge i æva, å lat du meg då
sigrande inn i ditt rike få gå!
Ver du mi tru, den vona eg ber
til eg får skode din herlegdom der.
Amen.

Himlens konge vil vi prise,
knele for hans trone ned.
Nåde ny vil han oss vise
til oppreisning, kraft og fred.
Halleluja, halleluja -
Gud er kommet til oss ned.

grenseløs i trofasthet.
Halleluja, halleluja -
evig er hans majestet.

Farne ætters ly og verge
var vår Gud av evighet.
Gjennom nød vil han oss berge,

Englers hær i høye himmel,
lovsyng ham, vår Gud og Far,
sol og måne, stjerners vrimmel,
alt som er og blir og var!
Halleluja, halleluja -
toner alle helgners svar.

.Walisk orgelmusikk

Min hyrding er vår Herre Gud,
og inkje meir eg treng.
Han gjev meg kraft og leier
trygt til kvild på grøne eng.

På rette stigar leier han
til ære for sitt namn.
I mørke dalen er eg trygg,
mi borg er Herrens famn.

For du er med meg kvar ei stund,
om dagsens ljos dør av.
Du gjev meg mot, og trøyst eg
har:

din eigen kjepp og stav.
For fiend-auga dukar du
ditt rike bord for meg.
Med salva hovud får eg ta
mitt fylte staup frå deg.

Du gjev meg miskunn all min dag,
alt godt med handa di.
Og eg får bu i Herrens hus
i all mi levetid.

(Omarbeidet fra Skotsk salmebok
av 1650;
Skotsk melodi)